



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 05.12.2022, kl 10.00-12.00 Digitalt møte

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Roald Aga Haug, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Sigbjørn Hauge, Ingvald Torblå, Vibeke Johnsen,
Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo
Forfall: Marta Vange
Gjester på link: Jon Askeland, Vestland fylkeskommune kl 1130-1200

Agenda:	10.00 - 12.00	Sakshandsaming
---------	---------------	----------------

Sak 26/22 Ny skredfaktormodell - Status innspel til ny modell

Hanne orienterte. Dei to medlemsfylka våre har no begge sterkt kritiske merknadar. Korleis skal me arbeida vidare? Styret oppfordrar alle å bruka stemma si politisk. Synd at Norsk rassikringsgruppe ikkje kom med fråsegn om den nye skredsikringsmodellen. Det blir viktig å oppnå aksept for forskjellar i utfordringar mellom fylka i landet.

Spm - nasjonal rassikringsgruppe sitt klare standpunkt er at ein innan 12 år skal ha rassikra alle punkt med middels og høg skredfaktor innafor ei totalramma på ca 70 mrd - Alt må justerast med ny modell - Tema blir drøfta med Jon Askeland seinare i møtet

Sak 27/22 Prioriteringsoppdrag til Nasjonal transportplan 2025-2036

Drøfting av påverknadsarbeid frå Fjordvegen

NTP vert nøkternt og nedskalert, og mindre ambisiøst enn tidlegare. Men krava i prioriteringsoppdraget som skal leverast av etatane 31.3.2023 er detaljert. Kva punkt som blir prioritert til låg og høg skredfaktor får me truleg ikkje svar på til mars 23, men kanskje til den utsette frista som etatane har fått for nokre utrekningar til 3.10.2023.. Nye Veier får strammare føringar, og ein er igjen der at SVV skal leia arbeidet med ny NTP. Me kan ikkje påverka dette interne arbeidet, men kan halda våre tema og prioriteringar varme.

Rapporten til Menon «Velferdsgevinster ved utbedring av skredutsatte vegstrekningar» som Nye Veier bestilte, kan Fjordvegen løfta fram.

Hardangerrådet skal møte Hordalandsbenken og Sognebenken 30.01.2023 i Bergen. Det er då naturleg at me tek opp både ny skredfaktor-modell og NTP påverknad i det møtet. Me bør få til eit møte også med Rogalandbenken f.eks i Stavanger.

Alle politikarar er for rassikring - så kvifor vert det ikkje prioritert høgare - Sitjande regjering kunne ved å prioritera skredsikring oppnådd mykje goodwill.

Fjordvegen må kunne bidra til å mobilisera for ein folkeaksjon for rassikring. Styret drøfta ulike mulege alliansar for ei slik løysing, og ein går vidare med å drøfta med NAF, Trygg trafikk etc sine lokale foreningar i riksveg 13 sitt nedslagsfelt. Administrasjonen koordinerer.

Mange frå næringslivet har brukt mykje tid på å fortelja og møta politikarar - men til ingen nytte. Det å ikkje verta teken på alvor er svært demotiverande. Eit sterkare og breiare press må til for å oppnå politisk vilje til handlekraft.

Sak 28/22 Fellesmøte i regi av SD og NFD vedr. NTP 2025-2036

Drøfting/dialog med fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune

VLFK har ikkje hatt politisk møte enno om dette etter vedtak om RTP før sommarferien.

Utgangspunktet til møtet i Oslo på mandag, er å forsvare fylkestinget sitt vedtak frå mai 2020.

Våre vegar ligg inne på lista, og dette vil dei forsvare. I tillegg er dei svært opptekne av rassikring, og vil forplikta Hurdals-plattforma med 3-dobling av midla til rassikring på fylkesvegar, og sjølv sagt også følga opp på riksvegar.

Innspela frå oss vil han garantert ta med seg inn i deira møte på mandag.

Fjordvegen bed og om at ny skredsikringsmodell vert teken opp i møtet, og at ein samkøyrer seg med Rogaland, som har gitt ein god uttale.

Viktig at våre "vestlandskred" ikkje vert mindre vektlagt enn store snøskred - dette skal sjølv sagt VLFK ta med. Me treng trygge vegar både for verdiskaping i industri og anna næringsliv og tryggleik for folk.

Me vil takka for sterke uttalar til media frå fylkesordføraren, og det er veldig bra om ein opprettheld dette trykket vidare

Askeland vil ta med seg oppmodinga om å ha **rassikring som høgaste prioritet**.

Det skal arbeidast godt for at skredfaktormodellen ikkje vert endra til denne NTP, og at rassikring må stå øverst på lista - vil det gje mest effekt
Både E134 og RV 13 er viktige strekningar for VLFK.

Pga oppgradering i Lærdalstunnelen - så er Vikafjellstunnelen meir aktuell enn nokon gong. Askeland meiner sak om omkøyringsalternativa må ein gå nye rundar på.

Me takkar for det utruleg gode rekne-arbeidet for heile vestlandet gjort i adm. i VLFK i samband med skredfaktor-saka, det er veldig nyttig.

Fjordvegen bed om tett samarbeid med andre fylkeskommunar rundt skredsikrings-påverknad.

Askeland meiner Vestlandsrådet fungerer strategisk og godt.

Sak 29/22 Årskonferansen 2023

Avklaringar om

- Møtestad: Quality Hotel Sogndal
- Dato: måndag 17.04.2023. Styret møter kvelden før, event andre tilreisande
- Årsmøtet blir lagt etter konferansen.
- Økonomi: innhenta prisar viser igjen ein normalsituasjon, ikkje dei låge prisane me oppnådde i 2022. Det må mobiliserast for høg kommunal deltaking samt frå andre medlemmer. Styret må halda fram med eigen betaling.
- Tema /innleiarar – innspel frå styret
 - NTP, resultata i Prioriteringsoppdraget - skredfaktor
 - forskarar som ser på klimautfordringar ift rassikring
 - handtering av Nye Veier versus SVV og ny mynde
 - Norsk rassikringsgruppe
 - Vestlandsforskning i Sogndal, kan ha aktuelle innleiarar.

- Campus Sogndal har også ein master på klima, har samarbeid med både nasjonalt og internasjonalt miljø
- Brei debatt til slutt.
Det er primært ønskt god deltaking av Stortingsrepr med eigarskap til våre problemstillingar
God tid til pausar og ev. fleire debattar.

Sak 30/22 Arendalsuka 2023 14. - 18. august

Deltaking/arrangement/stand frå Fjordvegen?

Administrasjonen har drøfta med Nasjonal Rassikringsgruppe samt OFV som organiserer Samferdselsteltet (to telt).

Parnarskap tilknytt OFV er muleg for oss. Dei skipar digitalt møte der det er sjans for å finna andre partnarar.

Me veit at norsk rassikringsgruppe skal ha sin debatt saman med OFV. Vårt mål blir å få ein debatt til rundt vegstandard og skredsikring.

Kostnad til fordeling mellom partnarar vil vera ca 20.000 pr møte, i tillegg til overnatting mm.

Sak 31/22 Møteplan 2023

Forslag er:

06.02.2023: -digitalt møte - invitera SVV og Nye veier for status før 31.mars

16.04.2023 - styremøte og årsmøte 17.04.2022 i Sogndal

06.06.2023 - Fysisk møte på Lofthus. Nytt styre

Sak 32/22 Innmeldte saker/Ymse

Nytt medlem: Norsk Stein, lokasjon Jelsa - 390 ansatte (heile bedrifta).

Kinsarvik, 05.desember 2022

Jostein Eitrheim
referent.